



Valle Sparebank

Årsmelding og rekneskap 2018

153. forretningsår



ÅRSMELDING 2018

RAMMEVILKÅR FOR SPAREBANKANE

Sysselsetjinga auka med om lag 55 000 i løpet av 2018, i det som var eit unormalt godt år for norsk økonomi. Overskotet på handelsbalansen vart 288 milliardar kroner, godt hjulpet av høgare oljepris og ein sterk amerikansk dollar det meste av året. Arbeidsløysa målt med Arbeidskraftundersøkinga (AKU) til Statistisk sentralbyrå fall til 4,0% mot slutten av året, ned fra 4,2% i 2017.

BNP for Fastlands-Noreg dei 11 fyrste månadene i 2018 var 2,4% over tilsvarande perioden i 2017. Konsumprisveksten i 2018 var 2,6%, omtrent det same som lønsveksten, som er estimert til 2,7% i den siste pengepolitiske rapporten frå Noregs Bank.

Bustadprisane, målt ved Eiendom Norge sin indeks, steig med 0,8% frå november 2017 til same tidspunkt i 2018. Kredittveksten minka gjennom året, frå ein 12-månaders vekst for hushalda på 6,1% til 5,4% i november 2018.

Noregs Bank sette opp styringsrenta frå 0,5% til 0,75% i september. Rentene på nye nedbetalingslån med pant i bustad auka med 0,11 prosentpoeng i oktober, til 2,54%, etter å ha vore uendra sidan desember 2017.

Talet på konkursar gjekk opp med 12% i dei tre fyrste kvartala i 2018 samanlikna med same perioden året før.

Dei fleste analyser legg til grunn at 2019 vert eit nytt år med god vekst i norsk økonomi, mellom anna hjulpet av ein vekst på 10-15% i oljeinvesteringane. Uvisse er likevel stor, både som fylgje av fallande oljepris mot slutten av året, og fordi det er mange uromoment internasjonalt i det nye år. BREXIT og handelskonflikten mellom USA og Kina er kanskje dei viktigaste risikoane, saman med faren for nye fall i oljeprisen.

Oslo Børs var mot slutten av 2018 prega av den aukande uvisse knytt til utsiktene for verdsøkonomien. Børskursane var marginalt lågare ved utgangen av året enn då 2018 tok til, men kursane fall 12,5% frå toppnoteringane i september.

FORRETNINGS- OG MARKNADSTILHØVE FOR VALLE SPAREBANK

Valle Sparebank er ein frittstående og sjølvstendig sparebank i Valle kommune i Aust-Agder. Hovudkontoret ligg i Valle og banken har eit salskontor i Markensgate 2a i Kristiansand. Salskontoret i Kristiansand vart etablert i januar 2006. På grunn av aukande kundemasse i Vennesla vedtok styret i 2017 å etablere kontordag på Hunsøya Næringspark ein dag i veka. Tilbodet vart etablert i slutten av april 2017. På grunn av stor pågang frå nye kundar vart tilbodet auka til to kontordagar i januar 2018. Etableringa i Vennesla har ikkje medført auka bemanning, og det er tilsette ved Kristiansands-kontoret som drifrar kontoret i Vennesla.

Valle Sparebank eig 0,41% av Eika-Gruppen AS, og er på den måten del av eit strategisk samarbeid mellom 68 små sparebankar i Noreg og OBOS. Eigarbankane, Eika-Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS utgjør Eika Alliansen. Eika er totalleverandør av bankprodukt og -tenester. I tillegg har Eika ansvar for å utføre ei rekkje fellesoppgåver på vegne av eigarbankane. Det gjeld m.a. innkjøp av produkt og tenester innanfor IT og betalingsformidling, opplæring og kompetanseutvikling. Eika Boligkreditt AS har tilgang til den internasjonale marknaden for obligasjonar med føretrinsrett (OMF) og sikrar eigarbankane langsiktig og konkurransedyktig funding.

Valle Sparebank driv i hovudsak tradisjonell bankverksemd, m.a. betalingsformidling, sparing, lån og kredittar, men kan også tilby dei fleste finansielle produkt så som forsikring, aksjehandel, fondsprodukt og leasing.

Banken si primære kundegruppe er personkundar, og då særleg i Setesdal og Kristiansands-regionen. Sjølv om mange kundar bur utanfor Setesdal, er dette ofte kundar med ei eller anna knytting til Valle eller Setesdal. Innan Valle kommune har banken ein heilt dominerande marknadsposisjon, og innan Bykle kommune er også marknadsposisjonen sterk. I dag er i underkant av 26% av utlåna til kundar i Valle kommune.

I tillegg til personmarknaden representerer det lokale næringslivet, offentleg sektor og lag og organisasjonar i øvre Setesdal viktige kundegrupper for banken.

Folketalsutviklinga i marknadsområda til banken varierer mykje. Øvre Setesdal har dei siste åra slite med svak folketalutvikling. I Valle var 1166 personar heimehøyrande pr. 3.kvartal 2018, mot 1236 på same tidspunktet i 2017. Kristiansands-regionen opplever derimot folketilvekst. Samla folketal i det banken definerer som satsingsområde på personkundemarknaden er om lag 120 000.

Heilt arbeidsledige i Valle kommune utgjør 0,8 % av arbeidsstyrken ved utgangen av 2018. Dette er lågast i Agder. Tilsvarande tal for Agder er 2,8%. Tala er noko lågare i høve til for eitt år sidan.

I fyrste halvdel av 2018 vart det til liks med dei ti føregåande åra gjennomført ei omfattande marknadsundersøking blant banken sine kundar. Valle Sparebank har svært nøgde og lojale kundar, og resultatene frå 2018 var om lag på nivå med dei beste banken nokosinne har oppnådd. Servicenivået og den personlege kontakta er område banken skårar høgt på i undersøkinga. Resultatene frå undersøkingane vert nytta til å utvikle banken vidare.

Drifta av banken er lagt opp til at ho skal vere kostnadseffektiv, fleksibel, kundeorientert og med stor grad av personleg service. Risikoprofilen skal vere låg til moderat. Samstundes bør innteninga vere tilstrekkeleg til å sikre at banken held på den finansielle styrken som har vorte bygd opp gjennom tidene.

Banken har ingen forskings- og/eller utviklingsaktivitetar.

BALANSE - UTVIKLING

Banken har i 2018 hatt ein auke i forvaltningskapitalen på 60,5 mill. kr. Dette er ein auke på 3,8% i høve til året før. Forvaltningskapitalen er pr. 31.12.2018 på 1 667,3 mill. kr.

Utlånsveksten er på 9,9 mill. kr eller 0,1%, og samla utlån er på 1 352,4 mill. kr. I tillegg har banken formidla lån til Eika Boligkreditt på til saman 724,7 mill. kr. Samla utlånsvekst, inklusive veksten i Eika Boligkreditt, utgjør 5,7% i 2018.

Det har vore ein auke i innskota på 23,1 mill. kr, eller 2,0%, slik at samla innskott no er på 1 185,0 mill. kr. Dette gjev ei innskotsdekning på 87,6%, mot 86,6 året før. For å finansiere utlån utover innskotsnivået har banken teke opp lån i pengemarknaden.

DRIFTSRESULTAT – NØKKELTAL

Resultatet av ordinær drift etter skatt er på kr 11,2 mill. mot kr 7,9 mill. året før. Skattekostnaden etter rekneskapen er kr 3,2 mill. Styret vil gjere framlegg om at resultatet vert disponert slik:

Kr 9,7 mill. vert overført sparebanken sitt fond.
Kr 1,5 mill. vert overført gåvefondet.

Sparebanken sitt fond og gåvefond utgjør opptent egenkapital som ved utgangen av 2018 er 211,0 mill. kr. Egenkapitalen er no 22,37 % av vektlagt balanse.

Kontantstraumsanalysen viser netto kontantstrøm frå drifta på kr 11,8 mill. (kr 8,2 mill), netto kontantstrøm frå løpande finansiell verksemd på kr 20,4 mill. (kr -8,8 mill.), netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar kr -64,6 mill. (kr -2,7 mill.), og netto kontantstrøm frå finansiering på kr 25,0 mill. (kr 49,9 mill.). Netto endringar i kontantar og kortsiktige plasseringar kr -19,1 mill. (kr 38,4 mill.), slik at likviditetsbehaldninga ved utgangen av 2018 var på kr 76,4 mill. (kr 95,6 mill.)

Rentenettoen har minka med om lag 0,3 mill. kr samanlikna med 2017 på grunn av låg volumvekst og svekka rentemargin. Marknadsrentene og konkurransesituasjonen har vore prega av stabilitet og banken har ikkje hatt vesentlege endringar i rentesetjinga i løpet av året

Provisjonsinntektene auka med 1,0 mill. kr, medan utbytte frå verdipapir i 2018 var på 1,9 mill. kr, mot 2,2 mill. kr året før.

I 2017 vart det inntektsført om lag 3,6 mill. kr knytt til sal av aksjar i DNB, medan fusjonen mellom BankID Norge, BankAxept og Vipps medførte ein rekneskapsmessig gevinst på 1,4 mill. kr i 2018.

Sum driftskostnader er om lag 1,3 mill. kr lågare i 2018 enn året før. Reduksjonen skuldast i hovudsak lågare IT-kostnader og eingongskostnader knytt til ekstern bistand til engasjementsoppfølging i 2017.

Det er samla inntektsført 0,1 mill. kr på utlånstap i rekneskapen, noko som er 6,2 mill. kr lågare enn året før. Den høge tapsføringa i 2017 skuldast i hovudsak ei tapshending i eit næringsengasjement. Individuelle nedskrivingar utgjør totalt 4,1 mill. kr. I tillegg er det avsett 2,6 mill. kr på gruppevis nedskrivingar.

Utover dette har det ikkje vore hendingar i rekneskapsåret som har påverka resultatet særskild. Det har heller ikkje vore hendingar etter utgangen av rekneskapsåret som er viktige for resultatrekneskapen.

Styret er nøgd med resultatet av drifta i 2018. Styret kan stadfeste at alle føresetnader for drift av banken i komande år er til stades. Det er ikkje knytt vesentlege usikre faktorar til årsrekneskapen.

RISIKOSTYRING OG KONTROLL

Generelt om risikostyring og kontroll i verksemda

Bankverksemda inneber risiko. Styret har vedteke prinsippa for banken si risikostyring i form av overordna policydokument og områdepolicies for ulike risikoområde. Styret legg vekt på å ha ei aktiv oppfølging av prinsippa, og reviderer desse årleg. For bankverksemda samla kan banken akseptere låg til moderat risiko, medan risikonivået kan variere mellom ulike risikoområde.

Styret gjennomfører minst ein gong i året ein ICAAP-gjennomgang for å avdekke risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov i bankverksemda.

RSM Norge AS har sidan 2017 vore ekstern revisor.

Banken nyttar seg aktivt av Eika VIS sine tenester i arbeidet med policydokument og verktøy til bruk i risikostyringa.

Dei viktigaste risikoområda er omtala her.

Kredittrisikoen

Kredittrisikoen, dvs. risikoen for at ein kunde ikkje kan oppfylle sine skyldnader rettidig, er den største risikoen i banken. Dersom heller ikkje verdien av den underliggjande pantetrygda er tilstrekkeleg til å dekke kravet ved misleghald og eventuell realisasjon av pantet, vil tap oppstå.

Styret vurderer det slik at banken, no som før, må kunne take noko større risiko innan kommunen enn utanfor. Styret vurderer likevel denne risikoen som moderat. Lån og garantiar er rimeleg godt sikra mot tap. Det vert lagt stor vekt på kunden sin økonomi og den trygda som vert stilt. Nedskrivingane på utlånsporteføljen har dei siste fem åra vore noko høgare enn snittet for norske bankar.

Det er få store engasjement, og omlag 88,5% av samla brutto utlån er lån til personkundar. Reknar ein med lån overført til Eika Boligkreditt AS er personkundedelen endå høgare; 92,5%. Dette gjer at kredittrisikoen er spreidd og lite konsentrert. Banken har avsett 4,1 mill. kr på individuelle, og 2,6 mill. kr på gruppevis nedskrivingar. Rekneskapsmessig tapskostnad i 2018 er om lag -0,1 mill. kr, vesentleg lågare enn normalt i banken. Årsaka til dette er reversering av delar av tidlegare nedskrivne engasjement. Tapskostnaden elles ligg på eit normalnivå. Prognosar frå Noregs Bank tyder på at gjennomsnittleg tap på utlån og garantiar dei næraste 3 åra med noverande risikonivå vil ligge rundt 0,2% av samla utlån for norske bankar.

Det har vorte nytta eit risikoklassifiseringssystem for å lette styret si risikoovervaking. Resultatet av risikoklassifiseringsarbeidet i banken syner at 70% (72) av utlåna har låg risiko, 22% (20) normal risiko og 7% (8) høg risiko. Tal pr. 31.12.2017 i parentes. Utviklinga i risikosamansetjinga har med andre ord vore marginalt positiv i 2018. Det er utarbeidd eit risikoklassifiseringssystem i samarbeid med andre Eika-bankar. Systemet byggjer på statistiske modellar som reknar ut sannsynet for misleghald. Tapsutsette engasjement og alle engasjement over ein viss storleik vert vurdert særskild. Alt dette er grunnlaget for nedskrivingane styret har gjort i løpet av året.

Banken har formidla bustadlån for i alt 724,7 mill. kr i Eika Boligkreditt AS, mot 621,8 mill. kr på same tid i fjor. Dette er lån innanfor 60% av panteverdi og har såleis låg risiko. Om lag 38% av personkundelåna i banken er overførte til Eika Boligkreditt AS, mot 34% året før.

I 2018 har banken revidert kredittpolicyen, og kreditthandboka skal reviderast tidleg i 2019.

Likviditetsrisikoen

Likviditetsrisikoen er også eit vesentleg risikoområde i banken, og gjeld den risikoen som banken har for å ikkje ha tilstrekkelege likvidar ved forfall av skyldnader. Valle Sparebank skal ha ein låg likviditetsrisiko.

Balansen mellom innskots- og utlånsvolum avgjer behovet for å låne inn frå pengemarknaden. Valle Sparebank har i løpet av 2018 hatt ei relativt stabil innskotsdekning, det vil seie innskot i prosent

av utlån. Innskotsdekninga var ved utgangen av året 87,6% mot 86,6% året før. Internt minimumskrav er fastsett til 85%. Innlånsbehov utover kundeinnskota er dekkja opp med lån frå Kredittforeringa for Sparebankar og obligasjonslån.

Innskot og lånerettar i Noregs Bank, trekkrettar i DNB utgjør saman med obligasjonsporteføljen den vesentlege delen av likviditetsbufferen. Pr. 31.12.2018 utgjorde trekkrettane i DNB 60 mill. kr. Det var pantsett verdipapir i Noregs Bank med ein samla låneverdi på 76,5 mill. kr. Samla obligasjonsportefølje og likvide rentefond utgjør på same tid 176,5 mill. kr. Innskot i Noregs Bank utgjør 27,7 mill. kr.

LCR (liquidity coverage ratio) er 194 pr. 31.12.2018, mot 181 på same tidspunkt året før. Minimumskravet er 100.

Den generelle likviditetsrisikoen er om lag uendra i løpet av året. Innlånskostnadene for bankane har vore relativt stabile i 2018, men auka noko mot slutten av året.

Styret har som tidlegare år revidert likviditetspolicyen, særleg med vekt på tilpassing til nye krav på likviditetsområdet.

Status på likviditetsområdet vert rapportert til styret kvartalsvis i høve til gjeldande krav og rammer i likviditetspolicyen. Likviditetsrisikoen har vore låg heile året, i tråd med bankens risikopolisy.

Eika Boligkreditt vert framleis vurdert som eit viktig verktøy som kan avlaste banken sitt eksterne fundingbehov og gjere banken konkurransedyktig i kampen om personkundelån. Det er klargjort ein utlånsportefølje som kan flyttast til Eika Boligkreditt for raskt å få tilgong til likviditet i ein krisesituasjon.

Strategisk risiko

Strategisk risiko er risikoen banken er utsett for som konsekvens av strategiske val. Måloppnåinga i høve til økonomiske måltal i strategiplanen har vore tilfredsstillande i 2018. Det er gjennomført ei marknadsundersøking som syner at Valle Sparebank har svært nøgde og lojale kundar. Satsinga i Kristiansand og Vennesla har medført tilvekst av nye kundar i ei tid med fallande folketal i Valle kommune.

For å sikre eige sjølvstende har banken vald å vere medeigar av Eika-Gruppen AS. Valle Sparebank sin eigardel utgjør 0,41% av selskapet. Eika-Gruppen AS syter for utføring av ein del fellesoppgåver og gjev banken tilgong til å selje ei rekkje finansielle produkt. I tillegg har eigarskapet gjeve avkastning i form av eit årleg utbytte. Eika-Gruppen AS er også eit viktig talerøyr for små sparebankar når det gjeld å påverke framtidige rammevilkår.

Tidleg i 2018 sa 11 bankar opp alle avtalane med Eika Gruppen og dotterselskapa. Årsaka til oppseiinga er usemje om m.a. styringsmodell i alliansen, IT-strategi og kostnadsutvikling. Dei elleve bankane uttrykte samstundes at dei ynskjer å halde fram som alliansebankar, men at det vil krevje kursendring på dei nemnde områda. Oppseiinga inneber ein risiko for ei svekking av alliansesamarbeidet. For Valle Sparebank er det avgjerande med eit sterkt banksamarbeid, samstundes som at momenta dei 11 bankane grunnlegg oppseiinga med er utfordringar Valle Sparebank kjenner seg godt att i. I alliansesamarbeidet er det no sett i gong prosessar for å handtere problemstillingane dei elleve (no ti, etter at to av dei har fusjonert) har reist. Valle Sparebank har eit sterkt ynskje om at alle dei 68 alliansebankane framleis skal vere med i Eika Alliansen framover.

Risikoen for at ikkje banken har tilstrekkeleg og rett kompetanse for framtida er eit område styret har fokus på. Valle Sparebank har difor prioritert vidareutdanning og intern opplæring i fleire år. Banken har ein kompetanseplan som skal reviderast årleg.

Kompetanseplanen set mål for kompetansenivået i banken og inneheld prioriterte tiltak for å nå måla. Mellom anna er det sett krav om at alle kunderådgjevarane i banken skal vere autoriserte som finansielle rådgjevarar (AFR) og forsikringsrådgjevarar (GOS). I løpet av fyrste kvartal 2019 gjeld tilsvarende krav på kredittområdet (KRD).

Styret starta arbeidet med å revidere strategiplanen hausten 2018, og ny strategiplan vert vedteken i løpet av fyrste kvartal 2019.

Renterisikoen

Dersom rentereguleringsstidspunktet på innskot og utlån ikkje er tilnærma samanfallande, kan dette gjeve negative utslag på inn-teninga i banken. Denne risikoen er liten av di banken mest ikkje har innskot eller utlån til fast rente, og renta kan difor regulerast samtidig.

Lån som banken har teke opp i pengemarknaden har som regel ulik bindingstid. Låna vert regulert 3. kvar månad. Renterisikoen er difor også her liten. Banken har ingen handelsportefølje med obligasjonar. Pliktige likviditetsplasseringar i obligasjonar har korte rentereguleringsintervall slik at renterisikoen her er liten. Renterisikoen på obligasjonsmassen er no slik at dersom det vert ei renteendring på 1,0 % i marknadsrenta, vil dette slå ut i ei kursendring på kr 0,16 mill.

Aksjekurs og valutarisiko

Banken har i dag ingen portefølje av verdipapir for å utnytte svingingar i marknaden. Banken driv ingen handel med derivat eller valuta. Valle Sparebank er eigen valutabank ved kjøp og sal av valuta til kundar. Omsetjinga av valuta er lita, og risikoen for kurstap er dermed også låg.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er i hovudsak risikoen for tap knytt til den daglege drifta av banken. Svikt i datakommunikasjon, system og rutinar er døme på tapshendingar. Feil kan også oppstå på grunn av manglande kontrollar, kompetansesvikt, menneskeleg svikt og manglande oppfølging av lover og forskrifter.

Operasjonell risiko, inkludert rapportering av potensielle tapshendingar, vert rapport kvartalsvis til styret.

Internkontrollen i banken er ein viktig reiskap til å kartleggje og forbetre dette risikoområdet. Styret har årleg gjennomgang av internkontrollen.

Internkontroll

Banken har med utgangspunkt i forskrifter om internkontroll hatt gjennomgang av alle vesentlege risikoområde i banken. Internkontrollen vert stadfesta av ekstern revisor.

ORGANISASJON OG PERSONALE

Administrerande banksjef Vidar H. Homme takka ved utgangen av året ja til stillinga som kommunalsjef i Vennesla kommune, og sa opp stillinga si etter nærare 12 år i banken si teneste. Homme har sin siste arbeidsdag 30.april 2019. Styret har sett i gong arbeidet med å rekruttere ny administrerande banksjef.

Styret har fokus på at banken skal ha eit godt arbeidsmiljø. God intern informasjon og kommunikasjon vert vektlagt. Resultata frå årlege medarbeidarundersøkingar vert nytta til å forbetre arbeidsmiljøet. Valle Sparebank har teikna avtale om Inkluderande Arbeidsliv. Det totale sjukefråværet i rekneskapsåret utgjør totalt 0,2 % av total arbeidstid. Det har ikkje vore personskadar blant tilsette, eller materielle skadar i banken. Av 15 fast tilsette er 6 menn. Styret er for tida sett saman av 40% kvinner og 60% menn. Bortsett frå å prøve å få ei meir lik fordeling mellom kvinner og menn over tid, har det ikkje vore spesielle likestillingstema som har hatt fokus.

Banken si forureining av det ytre miljø vil stort sett vere av indirekte karakter, så som kjøp og bruk av reiser, energi, papir og andre forbruksgjenstandar, og avfall og avfallshandtering. Styret ser på dette som minimal forureining av det ytre miljø. Banken fører ikkje eige klimarekneskap, og har heller inga miljøsertifisering.

Banken har ikkje pålegg frå offentlege styresmakter som ikkje er fylgde opp.

VALLE SPAREBANK, SAMFUNNSANSVAR OG LOKALSAMFUNNET

Valle Sparebank legg til grunn ei sosialt ansvarleg forretningsdrift. Omsynet til samfunnsansvaret er innarbeidd i overordna retningslinjer under konkrete emne som etikk, antikvitvasking, helse, miljø og sikkerheit.

Valle Sparebank ynskjer å vere ein positiv aktør i utviklinga av lokalsamfunnet. Særleg i ei tid med store utfordringar i form av reduksjon i folketalet, og vanskar med å rekruttere kompetent personell til ledige stillingar i området, meiner styret det er viktig å stø små og store tiltak som kan vere med på å snu ein negativ trend.

Gjennom den årlege gåveutdelinga stør banken friviljug arbeid, lag og organisasjonar. I 2018 vart det delt ut i alt 1 489 000 kr mot 1 057 000 kr året før.

Banken har teikna sponsoravtalar med Valle IL, Setesdal vidaregåande skule avd. Valle, Valle Radio, Brokke AS, Sylvnknappen AS og Bykle IL på til saman 362 500 kr årleg. I tillegg kjem tre individuelle sponsoravtalar med Elin Uppstad, Aron Åkre Rysstad og Audun Haugen. Alle unge og lovande idrottsutøvarar frå distriktet.

Valle Sparebank tok saman med Setesdal Spelemannslag og Valle kommune initiativet til å etablere eit fond for å stimulere etter-spurnaden etter folkemusikkutøvarar. Fondet fungerer slik at tilskiparar som ynskjer å nytte lokale folkemusikkutøvarar kan søkje om delvis dekking av honoraret utøvarane skal ha. Frå og med 2010 vart ordninga utvida til å gjelde Bykle og Bygland.

Valle Sparebank har sekretariatsfunksjonen i Valle Næringslag. Laget har til føremål å fremje næringsutvikling i kommunen. Alle private næringsdrivande kan vere medlemmer, og oppslutninga om laget har vore god. Likeins er banken medlem i sentrumsforeininga i Valle. Dei siste to åra har administrerande banksjef også vore deltakar i arbeidsgruppa Brokke 2025 der utbyggingsaktørar, representantar for hytteeigarar og kommune er med. Føremålet er å styrkje utviklinga i Brokke.

FRAMTIDSUTSIKTER

Heilt sidan kundane fekk banktenester tilgjengeleg på nett på slutten av 90-talet, har digitaliseringa endra næringa vår mykje. Langt på veg dei fleste kundane føretrekkjer å utføre dei daglege banktenestene der dei er, når dei måtte ynskje det. Medan det i mange år var dei manuelle betalingstenestene som vart erstatta av digitale løysingar, har ein dei siste åra opplevd at også rådgjevingstenestene fylgjer i same sporet. Denne utviklinga vil halde fram, og om få år vil truleg dei aller fleste av tenestene og produkta våre vere fullt ut digitaliserte. Det vil berre vere på dei mest kompliserte rådgjevingssområda, og ved behov for hjelp til å løyse feil i digitale kundeflater, kundane vil ha eit reelt behov for direkte og personeleg kontakt. Erfaringane dei siste åra syner likevel at det er mange kundar, også blant dei unge, som framleis ynskjer denne menneskelege kontakta innimellom. Kundetilstrøyminga til bankar som profilerer seg med personleg service understrekar dette poenget. Det å tilpasse kompetansebehovet og ressursbruken i banken til denne utviklinga vil vere avgjerande for å lykkast som bank i ei digital framtid. Styret har tru på at nettopp små, lokale sparebankar har gode føresetnader til å kombinere enkle, digitale løysingar med personleg service og oppfølging og framleis spele ei sentral rolle i bankmarknaden dei neste åra.

Etter finanskrisa i 2008 har kapitalkrava til bankane auka så mykje at endåtil svært solide norske sparebankar må ha mykje meir fokus på kapitalplanlegginga. For å oppretthalde den finansielle soliditeten er lønsam drift og tilstrekkeleg avkastning avgjerande. Dei siste åra har kostnadsveksten på IT-området vore for høg i høve til å oppnå god nok lønsemd over tid. Styret vil arbeide aktivt for at bankane i Eika-samarbeidet søkjer fellesskapsløysingar som tilfredsstiller krava frå kundane, samstundes som at kostnadene er handterbare.

TAKK

Styret takkar alle medarbeidarane i banken for eit særskilt godt samarbeid og stor arbeidsinnsats i året som har gått. Styret takkar også alle tillitsvalde for godt samarbeid, og rettar takk til banken sine kundar og banksamband for tilliten og oppslutninga banken har hatt i 2018.

Valle, 11. februar 2019


Jostein Rysstad
Styreleiar


Anne Gjerden


Olav Mosdøl
Nestleiar


Geir Olav Uppstad


Gro Haatveit


Vidar H. Homme
Adm. banksjef

Resultatrekneskap

(i heile tusen)

Noter

2018

2017

Renteinntekter og liknande inntekter

Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	262	
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kundar	42 704	
Renter og liknande inntekter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande papir	2 207	
Andre renteinntekter og liknande inntekter	3	45 176

Rentekostnader og liknande kostnader

Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar	-3 524	
Renter og liknande kostnader på innskott frå og gjeld til kundar	-10 505	
Renter og liknande kostnader på utferda verdipapir	-1 633	
Andre rentekostnader og liknande kostnader	-808	-16 470

NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER

15

28 706

29 003

Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning

Inntekter av aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	1 943	1 943
--	-------	-------

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

Garantiprovisjon	360	
Andre gebyr og provisjonsinntekter	8 937	9 297

Provisjonskostnader og kostnader med banktenester

Andre gebyr og provisjonskostnader	-1 742	-1 742
------------------------------------	--------	--------

Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar

Netto verdiendring og vinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	-198	
Netto verdiendring og vinst/tap på aksjar og verdip. m.var.avkastn.	188	
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat	111	101

Andre driftsinntekter

Driftsinntekter faste eigedomar	208	
Andre driftsinntekter	32	240

Løn og generelle administrasjonskostnader

Løn	-9 058	
Pensjonar	-629	
Sosiale kostnader	-1 915	
Administrasjonskostnader	-8 030	-19 632

Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar

Ordinære avskrivningar	-499	-499
------------------------	------	------

Andre driftskostnader

Driftskostnader faste eigedomar	-587	
Andre driftskostnader	-4 742	-5 329

DRIFTSKOSTNADER

-25 460

-26 785

DRIFTSRESULTAT FØR TAP

13 085

11 578

Tap på utlån, garantiar m.v.

Tap på utlån	-74	
Tap på garantiar m.v.	0	-74

Nedskrivning/reversering av nedskrivning og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar

Vinst/tap	1 411	1 411
-----------	-------	-------

RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT FØR SKATT

14 422

9 060

Skatt på ordinært resultat

30

-3 224

-1 195

RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT

11 198

7 865

Resultat for rekneskapsåret

11 198

7 865

Overføringar og disponeringar

Overført til sparebankens fond	9 698	
Overført til gåvefond	1 500	11 198

7 865

0

7 865

Balanse

(i heile tusen)

Noter

31.12.2018

31.12.2017

EIGEDELAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar

Kontantar og fordringar på sentralbankar

29 617 29 617

24 768 24 768

Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar

4,9

Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid

Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar med avtalt løpetid

42 056

4 800 46 856

66 008

4 800 70 808

Utlån til og fordringar på kundar

3,4,6,28 b

Kasse-/drifts- og brukskredittar

Byggjelån

Nedbetalingslån

Sum brutto utlån og fordringar på kundar

- individuelle nedskrivingar

- gruppevis nedskrivingar

Sum netto utlån og fordringar på kundar

15 690

5 496

1 331 215

1 352 401

-4 115

-2 600

1 345 686

13 671

0

1 328 797

1 342 468

-7 774

-2 600

1 332 094

Overtekte eigedelar

7

Sertifikat/obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning

4,8

Utferda av det offentlege:

Sertifikat og obligasjonar

Utferda av andre:

Sertifikat og obligasjonar

1 000 1 000

- -

29 006

30 044

102 438 131 444

78 238 108 282

Aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning

4,10

Aksjar, partar og grunnfondsbevis

90 734 90 734

49 347 49 347

Varige driftsmidlar

11

Maskiner, inventar og transportmidlar

Bygningar og andre faste eigedomar

1 329

12 811 14 140

1 545

13 093 14 638

Andre eigedelar

Andre eigedelar

12

2 483 2 483

572

572

Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter

27

Opptente, ikkje mottekne inntekter

Overfinansiering av pensjonsskyldnader

Andre forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader

2 134

826

2 419 5 379

2 584

2 029

1 712 6 325

SUM EIGEDELAR

1 667 339

1 606 834

GJELD OG EIGENKAPITAL

31.12.2018

31.12.2017

GJELD

Gjeld til kredittinstitusjonar

4,15

Lån og innskot frå kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid

Lån og innskot frå kredittinstitusjonar med avtalt løpetid

1

160 531 160 532

1

160 465 160 466

Innskot frå og gjeld til kundar

4,15

Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid

Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid

649 674

535 360 1 185 034

638 147

523 742 1 161 889

Gjeld stifta ved utferding av verdipapir

4,15

Sertifikat og andre kortsiktige låneopptak

Ihendehavarobligasjonslån

0

99 872 99 872

0

74 915 74 915

Anna gjeld

15

Anna gjeld

8 453

8 453

4 582

4 582

Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter

Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter

2 014

2 014

1 931

1 931

Avsetjing for påkomne kostnader og skyldnader

27, 30

Pensjonsskyldnader

Utsett skatt

0

424 424

0

678 678

Balanse

(i heile tusen)

SUM GJELD

EIGENKAPITAL

Opptent eigenkapital

Sparebankens fond

Gåvefond

SUM EIGENKAPITAL

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

Postar utanom balansen

Garantiansvar

Andre skyldnader

Obligasjonar stilte som trygd

Noter

31.12.2018

31.12.2017

1 456 329

1 404 461

18,19

205 119

196 493

5 891 211 010

5 880 202 373

211 010

202 373

1 667 339

1 606 834

20

24 537

60 248

33 319

31 879

79 317

57 212

Valle, 31.12.2018 / 11.2.2019

I styret for Valle Sparebank


Jostein Rysstad
Styreleiar


Geir Olav Uppstad


Olav K. Mosdøl
Nestleiar


Anne Gjerden


Gro Haatveit


Vidar H. Homme
Adm. banksjef

Valle Sparebank i tida 1970 - 2018

(Mill. kr)	1970	1980	1990	2000	2010	2015	2016	2017	2018
Innskot	25	77	249	371	918	1068	1117	1162	1185
Utlån	13	45	196	416	999	1195	1274	1342	1352
Eigne fond	0,9	7	35	87	152	187	195	202	211
Forvaltning	26	85	285	471	1222	1374	1506	1607	1667

Desse styrer banken

Kundevalde medlemmer i generalforsamlinga

Anna Stella Karlsdottir, Egil Åmlid, Tarald Helle, Inger Aamli, Ånund Viki, Torhild Bjørgum Åkre, Petra Marie Trydal, Tor Espen Helle

Kommunevalde medlemmer til generalforsamlinga

Gjermund Flaten, Gyro Uppstad, Knut Hagen, Liv Bratlie Løyland, Tarald Myrum, Henri Tore Viki, Sissel Åkre, Knut E. Haugland

Valde av dei tilsette

Erling Sagneskar, Gro Haatveit

Styret

Jostein Rysstad - leiar

Olav Mosdøl - nestleiar

Anne Gjerden, Gro Haatveit, Geir Olav Uppstad

Revisjon

RSM v/ Hans Olav Noraberg

Personalet

Anette U. Viki - løn

Anne-Gunn Homme - økonomileiar, risiko / compliance

Björg Åkre - depotansvarleg / GDPR

Erling Sagneskar - sal og rådgjeving, Valle

Frode J. Buen - bedriftsrådgjevar, Valle. Kredittansvarleg

Gro Haatveit - sal og rådgjeving, Kristiansand

Ingunn Åkre Uppstad - daglegbank / kundesenter

Karen Marie Rike Lund - daglegbank / kundesenter

Kari Brottveit Rysstad - sal og rådgjeving, Valle

Kåre Rike - it- og driftsansvarleg

Liv Gunn Viki - reinhald

Margit Homme - daglegbank / kundesenter

Torleiv Hovet - avd. banksjef, Kristiansand

Tor Arild Rysstad - sal og rådgjeving, Kristiansand

Vidar H. Homme - administrerende banksjef

Note 1 - Generell info - rettviseandebilet

Bankens årsrekneskap er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova av 1998, forskrift om årsrekneskap for bankar samt god rekneskapskikk, og gjev eit rettviseandebilet av bankens resultat og stilling. Under enkelte noter er det teke med ytterlegare forklaring og det er synt til til postar i resultatrekneskap og balanse. Alle beløp i resultatrekneskap, balanse og noter er i heile tusen kroner dersom ikkje anna er oppgjeve.

Note 2 - Rekneskapsprinsipp

Bruk av estimat

Leiinga har nytta estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetjinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeidinga av rekneskapen i tråd med god rekneskapskikk.

Periodisering av renter, provisjonar og gebyr

Renter, provisjonar og gebyr vert ført i resultatrekneskapen etter kvart som desse vert opptente som inntekter eller påløper som kostnader. Utrekningar syner at etableringsgebyra ikkje overstig kostnadene som oppstår ved etablering av det enkelte utlån. Dei vert difor ikkje periodiserte over lånets løpetid.

Inntektsføring/kostnadsføring

Forskotsbetalte inntekter ved slutten av året vert periodiserte og førte som gjeld i balansen. Opp-tente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året vert inntektsførte og førte som eigedel i balansen. På engasjement der det vert gjort nedskrivingar for tap, vert renteinntekter resultatført ved bruk av effektiv rentemetode. Aksjeutbytte vert inntektsført i det året utbyttet vert utbetalt. Realisert kursgevinst/-tap vert resultatført ifylgje FIFU-prinsippet. Det vil seie at den enkelte handel for vedkomande verdipapir vert reskontrofert og resultatført separat. Kjøp og sal av verdipapir vert bokført på oppgjerstidspunktet.

UTLÅN – OMTALE OG DEFINISJONAR

Vurdering av utlån

Bankens utlån er vurdert til verkeleg verdi på utbetalingstidspunktet. I etterfølgjande periodar vert utlån vurdert til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. Amortisert kost er anskaffel-seskost med frådrag for betalt avdrag på hovudstol samt eventuelle nedskrivingar for verdifall. Gebyr ved etablering av lån overstig ikkje kostnadene og vert inntektsført løpande. Utlån vurdert til amortisert kost vil difor vere tilnærma lik pålydande av låna.

Bustadlån overført til og formidla til Eika Boligkreditt AS (EBK) er ikkje balanseført. Den vesentlege risikoen er vurdert å vere overført til EBK, også for overførte lån som tidlegare har vore på bankens balanse, og er difor frårekna.

Handsaming av engasjement som ikkje er misleghaldne

Banken gjennomfører ei kvartalsvis vurdering av utlåns- og garantiporteføljen for både nærings- og personkundar. Engasjement i risikoklasse 8 til 10 vert vurderte særskild. For engasjementa er det verdien av trygda banken har, betalingsevna til låntakar etc. som vert vurdert. Dersom gjen-nomgangen syner at tap kan påreknast, vert tapet bokført i rekneskapen som individuell ned-skriving.

Handsaming av misleghaldne engasjement

Eit lån er å rekne som misleghaldne når låntakar ikkje har betalt forfalte terminar innan 90 dagar etter terminforfall, eller når rammekredittar ikkje er innedekka innan 90 dagar.

Ved misleghald vert kundens samla engasjement vurdert. Låntakar si tilbakebetalingsevne og sik-kerheiter avgjer om eit tap må påreknast. Sikkerheiten vert vurdert til estimert realisasjonsverdi, med frådrag for salskostnader. Dersom det ligg føre objektive bevis på verdifall på bankens fordrin-gar, vert dette ført som individuelle nedskrivingar.

Handsaming av konstaterte tap

Ved misleghald over 90 dagar, konkurs, avvikling eller akkord, vert engasjementet vurdert med omsyn til sikkerheit og betalingsevne for å få oversikt over risikoen banken har for tap. Ved ob-jektive bevis på verdifall på engasjementet, vert engasjementet normalt først handsama som individuell nedskriving. Engasjementet vert rekna som endeleg tapt når konkurs eller akkord er stadfesta, tvangspant ikkje har ført fram eller som fylgje av rettskraftig dom eller inngått avtale. Utrekna verdifall på engasjementet vert då ført som konstatert tap, eventuelle individuelle ned-skrivingar vert førte til inntekt. Endeleg konstaterte tap vert fjerna fra bankens låneportefølje og frå individuelle nedskrivingar månaden etter at alle sikkerheiter er realiserte og det er konstatert at kunden ikkje er søkjegod.

Reversering av tidlegare tapsavsette engasjement

Reversering av tidlegare tapsavsette engasjement skal -skje i den utstrekning tapet er redusert og objektivt kan knyttast til ei hending som har skjedd etter nedskrivningstidspunktet.

Handsaming av nedskrivingar på grupper av utlån

Nedskriving på grupper av utlån vil seie nedskriving utan at det enkelte tapsengasjement er identi-fisert. Nedskrivinga er basert på objektive bevis for verdifall i bankens låneportefølje ut frå bankens vurdering av risiko for manglende betalingsevne basert på ein analyse av risiko og historiske tapstal, og med grunnlag i bankens risikoklassifiseringssystem. Andre forhold kan vere verdifall på fast eiendom ved høgare marknadsrenter, svikt i betjeningsevne ved markert renteoppgang eller nedbemanning på større arbeidsplassar.

FINANSIELLE INSTRUMENT

Finansielle derivat

Banken kan nytte seg av finansielle derivat for å kunne sikre eksponering mot renterisiko som oppstår gjennom banken si verksemd. Det er ingen uteståande derivatavtalar pr 31.12.2018.

VERDIPAPIR

Verdipapirporteføljen vert spesifisert og verddivurdert ved utløpet av kvar rekneskapsperiode (må-nadleg). Omløpsporteføljen og anleggsporteføljen vert verddivurdert etter ulike reglar og kvar for seg. Sjå note 8 og 10.

Obligasjonar og sertifikat

Banken har obligasjonar definert som andre omløpsmidlar. Andre omløpsmidlar er vurdert til den lågaste verdien av kjøpskostnad og verkeleg verdi. Obligasjonsporteføljen er sett saman i tråd med krav til avkastning og risiko og er ein del av bankens likviditetsbuffer. Forvaltninga av obligasjons-porteføljen er sett ut til ein profesjonell aktør, og forvaltaren står også for verdifastsetjinga av verkeleg verdi for dei enkelte obligasjonane og sertifikata. Det vert lagt til grunn prisar notert i marknaden. Når noterte prisar ikkje føreligg vert verkeleg verdi utrekna i spread-matrise utarbeidd av Verdipapirfondenes forening.

Aksjar og eigenkapitalbevis

Aksjar og eigenkapitalbevis er klassifisert som omløps- eller anleggsmidlar. Omløpsmidlar og anleggsmidlar vert vurderte til den lågaste verdien av kjøpskostnad og verkeleg verdi. Grunnlag for verkeleg verdi for børsnoterte aksjar som er omløpsmidlar, er børskurs på måletidspunktet. Grunnlag for verkeleg verdi for ikkje børsnoterte aksjar som er omløpsmidlar eller anleggsmidlar, er kjøpskostnaden. Dersom verkeleg verdi av aksjane klassifisert som anleggsmidlar fell under kjøpskostnaden, og verdifallet er vurdert å ikkje vere av forbigåande karakter, vert aksjane ned-skrivne. Nedskrivinga vert reversert i den utstrekning grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er tilstades.

VARIGE DRIFTSMIDLAR OG IMMATERIELLE EIGEDELAR

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert i balansen vurdert til kjøpskostnad, fråtrekt ordinære bedriftsøkonomiske avskrivingar og eventuelle nedskrivingar. Nedskrivingar vert gjort i den utstrekning gjenvinnbart beløp er lågare enn balanseført verdi. Det vert nedskrive til gjenvinnbart beløp. Sistnemnde er høgaste av salsverdi og bruksverdi. Ordinære avskrivingar vert utrekna på grunnlag av eigedelens forventa økonomiske levetid og eventuelle restverdi.

Immaterielle eigedelar

Banken har ingen immaterielle eigedelar.

PENSJONSSKYLDNADER OG PENSJONSKOSTNADER

01.01.2015 gjekk banken over til å føre pensjonskostnader etter IAS 19R. Ytingsordningane vert aktuarutrekna og kostnadsførte årleg under "løn og generelle administrasjonskostnader". Inn-skottssordningar vert kostnadsførte med årspremien under same posten. Aktuarutrekna pensjonsskyldnad, dvs. differansen mellom utrekna påkomne skyldnad og verdien av pensjonsmidlane, vert ført i balansen anten som langsiktig gjeld (viss negativ), eller som an-leggsmiddel (viss positiv). Føresetnadene som vert lagde til grunn for utrekning av pensjonsskyld-nader vert revurderte årleg. Rekneskapsmessig handsaming av ny AFP-ordning (ytingsbasert fleiføretaksordning) vil, grunna manglande informasjon og pålitelegheit i utrekningane, likestillast med innskotsordning og kost-nadsførast med årets premiebetaling inntil avklaring omkring utrekningane ligg føre.

SKATT

Skattar vert kostnadsførte når dei påløper og er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt. I tillegg inngår 0,15% formueskatt i skattekostnaden. Netto utsett skatt er utrekna med 25 % på grunnlag av midlertidige skilnader som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemes-sige verdjar. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige skilnader , som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlikna og nettoført. Årets skattekostnad omfattar betalbar skatt for inntektsåret og endringar i utsett skatt og utsett skattefordel. Eventuelle endringar i utsett skatt og utsett skattefordel vert synt som årets skattekostnad i resultatrekneskapen saman med betal-bar skatt for inntektsåret. Utsett skatt vert utrekna på bakgrunn av skilnader mellom rapporterte skattemessige og rekneskapsmessige resultat som vil utliknast i framtida.

OMREKNINGSREGLAR FOR VALUTA

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen pr 31.12.

LANGSIKTIG GJELD

Obligasjonsgjeld vert oppført til nominelt beløp med justering av over- eller underkurs. Over-/un-derkursen vert inntekts- eller kostnadsført lineært som ei justering til løpande renter over lånets løpetid. Porteføljen av egne obligasjonar kjem til frådrag på obligasjonsgjelda og vert presentert på eiga linje

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumar fra operasjonell drift av banken er definert som løpande renter fra utlåns- og innskotsverksemda mot kundar, netto inn- og utbetalinger fra utlåns- og innskotsverksemda, samt utbetalningar generert frå kostnader knytt til bankens ordinære verksemd. Investeringsaktivi-tetar er definert som kontantstraumar frå verdipapirtransaksjonar. I tillegg vert kontantstraumar knytt til investeringar i driftsmidlar og eigedomar tekne med. Finansieringsaktivitetar (funding) inneheld kontantstraumar frå opptak og nedbetaling av obligasjonsgjeld og marknadsinnlån.

Note 3 - Datterselskap og tilknytt selskap

Banken har pr. 31.12.2018 eit datterselskap der intensjonen er midlertidig eige. Det er difor ikkje utarbeida konsernrekneskap.

Note 4 - Finansiell risiko

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje kan innfri betalingsskyldnadene sine ved forfall. Innskotskundane i banken kan i praksis på kort varsel disponere innskotskapitalen sin. Derimot vil lånekundane ynskje langsiktig finansiering og kredittrammer. På denne måten vert banken ek-sponert for likviditetsrisiko.

Banken har interne måltal for likviditet, og måloppnåing vert kvartalsvis rapportert til styret. LCR ved utgangen av året var 194, minstekravet er 100. Banken har sett ei minimumsgrense på 85 % innskotsdekning. Innskotsdekninga utgjer 87,63 % pr. 31.12.2018 mot 86,55 % året før.

For å fylle dette likviditetsgapet finansierer banken seg også gjennom langsiktige innlån fra pen-ge- og kapitalmarknaden. Forfallstrukturen går fram av note 15 om gjeld. Kommiterte trekkrettar i DNB, kr 60 mill, er på kort sikt sentral i denne sammenhengen, sjølv om rammene i liten grad har vore nytta gjennom 2018.

Likviditetssituasjonen vert vurdert som god.

Innskot frå kundar som ikkje har oppseiing er rapportert i kolonna utan løpetid. Dette er i tråd med Finanztilsynet si forskrift for slik rapportering

Restløpetid for hovedpostar i balansen							
Post i balansen	Sum	Inntil 1 mnd	1 mnd - 3 mnd	3 mnd - 1 år	1-5 år	Over 5 år	Utan restløpetid
Eigedeler:							
Kontantar og fordringar på sentralbanken	29 617	29 617					
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar	46 856	42 056	1 500		3 300		
Utlån til og fordring på kundar	1 345 686	2 678	730	7 259	57 614	1 284 120	-6 715
Obligasjonar og sertifikat	131 444	8 000	10 997	42 152	70 295		
Andre eigedelspostar	113 736						113 736
Sum eigedelspostar	1 667 339	82 351	13 227	49 411	131 209	1 284 120	107 021
- av dette utanlandsk valuta	0						
Gjeld:							
Gjeld til kredittinstitusjonar	160 532	532	50 000	25 000	85 000		
Innskot og gjeld til kundar	1 185 034		535 360				649 674
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	99 872			0	99 872		
Anna gjeld	10 891	2 014	8 453		424		
Eigenkapital	211 010						211 010
Sum gjeld og eigenkapital	1 667 339	2 546	593 813	25 000	185 296	0	860 684
- av dette utanlandsk valuta	0	0					
Netto likv. eksponering på balansen	0	79 805	-580 586	24 411	-54 087	1 284 120	-753 663
- av dette utanlandsk valuta	0	0	0	0	0	0	0

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risikoen for at banken vert påført tap på grunn av at motparten ikkje er i stand til å innfri skyldnadene sine ved forfall. Sjå note 6 for informasjon om kredittrisiko i utlånsengasjement.

Kredittrisiko representerer det største risikoområdet for banken, og vedkjem alle fordringar på kundar som i hovudsak er utlån. Også andre utferda kredittar, garantiar, renteberande verdipapir, innvilga ikkje opptrekte kredittar har i seg kredittrisiko. Det same gjeld motpartisiko som oppstår gjennom derivat og valutakontrakter.

Marknadsrisiko

Renterisiko oppstår som ei fylgje av at utlåns- og innlånsverksemda til banken ikkje har samanfallande rentebinding. Dette inneber at når marknadsrenta endrar seg, kan banken fyrst gjennomføre ei renteendring på dei ulike balansepostane med utgangspunkt i regelverk og avtalar. Ei endring av marknadsrentene vil difor medføre ein auke eller reduksjon av netto renteinntekter i resultatrekneskapen.

Banken har ei låg fastrenteeksponering. Fastrentelån utgjer kr 5,2 mill pr. 31.12.2018. Fastrenteinnskot utgjer ved utgangen av året kr 0 mill. Netto renterisiko knytt til utlåns- og innlånsverksemda vert vurdert som låg.

Obligasjonsporteføljen har ein gjennomsnittleg durasjon på 0,12. Dette gjev ein rentesensitivitet ved 1 % renteendring på kr 159.600 ved utgangen av året.

Bankens samla renterisiko vert vurdert som låg.

Tid fram til renteregulering for eigedelane og skyldnadene til banken framgår av tabellen nedanfor.

Renteendringstidspunkt for hovedpostar i balansen.							
Post i balansen	Sum	Inntil 1 mnd	1 mnd - 3 mnd	3 mnd - 1 år	1-5 år	Over 5 år	Utan rente ekspon.
Eigedeler:							
Kontantar og fordringar på sentralbanken	29 617	27 672					1 945
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar	46 856	42 056					4 800
Utlån til og fordring på kundar	1 345 686		1 347 249		5 152		-6 715
Obligasjonar og sertifikat	131 444	45 171	86 273				
Andre eigedelspostar	113 736						113 736
Sum eigedelspostar	1 667 339	114 899	1 433 522	0	5 152	0	113 766
- av dette utanlandsk valuta	0						
Gjeld:							
Gjeld til kredittinstitusjonar	160 532		160 532				
Innskot og gjeld til kundar	1 185 034		1 185 034				
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	99 872		99 872				
Anna gjeld	10 891						10 891
Eigenkapital	211 010						211 010
Sum gjeld og eigenkapital	1 667 339	0	1 445 438	0	0	0	221 901
- av dette utanlandsk valuta	0	0					
Netto rente eksponering på balansen	0	114 899	-11 916	0	5 152	0	-108 135
- av dette utanlandsk valuta	0						0

Valutarisiko

Valutarisiko er risikoen for tap som fylgje av endringar i valutakursar.

Banken har ikkje andre balansepostar i utanlandsk valuta enn kassebeholdninga. Denne er omrekna til norske kroner basert på kursen ved utgangen av året. Risiko for valutatap vert ikkje vurdert som vesentleg.

Prisrisiko

Investeringa banken har i eigenkapitalinstrument er avgrensa og utgjer pr 31.12.2018 kr 45,7 mill. Spesifikasjon går fram av note 10.

Note 5 – Finansielle derivat og instrument

Banken kan berre nytte finansielle derivat og instrument til sikringsføremål, men har ikkje nytta slike dei siste to åra.

Note 6 – Utlån

Beløpet som best representerer banken si maksimale eksponering for kredittisiko overfor kundar (definert i note 4), utan å take omsyn til sikkerheiter- eller andre kredittforbetringar, er bokført verdi av netto utlån tillagt garantiar og ikke opptrekte, gjevne kredittrammer.

Banken si maksimale eksponering for kredittisiko	31.12.2018	31.12.2017
Brutto utlån	1 352 401	1 342 468
Nedskrivning på individuelle utlån	-4 114	-7 774
Nedskrivning på grupper av utlån	-2 600	-2 600
Netto utlån	1 345 687	1 332 094
Garantiar	24 537	19 148
Ikke opptrekte kredittrammer	33 319	23 550
Maksimal eksponering for kredittisiko	1 403 543	1 374 792
Bankens utlån formidla gjennom Eika Boligkreditt	724 727	621 847

Sikkerheiter
Banken nyttar sikkerheiter for å redusere kredittrisikoen. Sikkerheiter kan vere i form av fysisk sikkerheit, kontantdepot eller avtala motrekning. Fysisk sikkerheit skal som hovudregel vere forsikra og kan for eksempel vere bygningar, bustader, driftsmidlar og/eller varelager. Sikkerheitens verdi vert fastsett til verkeleg verdi med førehandsbestemt %- fradrag avhengig av type sikkerheit. Ved vurdering av verdien til sikkerheita vert det i utgangspunktet lagt til grunn fortsatt drift, med unntak for dei tilfella der det allereie er gjennomført ei nedskrivning.

Verkeleg verdi av sikkerheitene for utlån	2018	2017
SUM	1 825 894	1881 418

Sjå tabell for misleghaldne og tapsutsette lån for informasjon om verdi av sikkerheiter for misleghaldne og tapsutsette lån.

Prinsipp for risikoklassifisering
Risikoklassifiseringa er ein integrert del av kredittvurderingsprosessen. Systemet mogleggjer ei god overvaking av risikoutviklinga i banken si engasjementsportefølje.

Valle Sparebank har i 2015 endra prinsipp for risikoklassifisering. Den nye modellen er felles for alle Eikabanker og er utvikla i samarbeid med AAA Soliditet.

Modellen som no vert brukt er ein sannsynlighetsbasert (PD - probability of default) risikoklassifiseringsmodell som er delt i to hovudmodellar - ein for personmarknad og ein for bedriftsmarknad. Det er også eit modellmessig skille mellom eksisterande (6 mnd eller meir) og nye kundar. Risikoklassifiseringsmodellen er delt inn i tre delmodellar: 1. Ekstern (generisk) modell 2. Intern (atferds) modell 3. Makromodell.

Ny kunde	over 6 mnd	
Generisk modell (ca 95%)	Personmarknad:	Bedriftsmarknad:
Makromodell (ca 5%)	Adferdsmodell ca 69%	Adferdsmodell ca 59%
	Generisk modell ca 29%	Generisk modell ca 39%
	Makromodell ca 2%	Makromodell ca 2%

Klassifiseringa er delt inn i 12 grupper der 1 representerer minst risiko og 12 størst risiko.

Spesifikasjon på risikoklasse 31-12-2018

Samla 31-12-2018		Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskrivning
Akk. risikoklasse 1 - 3	låg	984 143	70,1 %	970 768	3 265	10 111	0
Akk. risikoklasse 4 - 7	middels	313 577	22,4 %	289 585	3 392	20 599	0
Akk. risikoklasse 8 -12	høg	105 154	7,5 %	91 987	10 557	2 609	4 115
Uklassifisert	høg	136	0,0 %	61	75	0	0
SUM		1 403 010	100,0 %	1 352 401	17 289	33 319	4 115

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Personmarknaden 31-12-2018		Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskrivning
Akk. risikoklasse 1 - 3	låg	958 608	79,3 %	950 377	686	7 545	0
Akk. risikoklasse 4 - 7	middels	181 636	15,0 %	179 097	0	2 539	0
Akk. risikoklasse 8 -12	høg	67 863	5,6 %	67 591	247	24	2 160
Uklassifisert	høg	59	0,0 %	59	0	0	0
SUM		1 208 166	100,0 %	1 197 124	933	10 108	2 160

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Bedriftsmarknaden 31-12-2018		Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskrivning
Akk. risikoklasse 1 - 3	låg	25 535	13,1 %	20 391	2 579	2 566	0
Akk. risikoklasse 4 - 7	middels	131 941	67,7 %	110 488	3 392	18 060	0
Akk. risikoklasse 8 -12	høg	37 291	19,1 %	24 396	10 310	2 585	1 955
Uklassifisert	høg	77	0,0 %	2	75	0	0
SUM		194 844	100,0 %	155 277	16 356	23 211	1 955

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Spesifikasjon på risikoklasse 31-12-2017

Samla 31-12-2016		Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskriving
Akk. risikoklasse 1 - 3	låg	996 372	71,9 %	986 771	1 139	8 462	0
Akk. risikoklasse 4 - 7	middels	278 572	20,1 %	252 075	13 580	12 917	0
Akk. risikoklasse 8 - 12	høg	110 087	7,9 %	103 608	4 354	2 125	7 774
Uklassifisert	høg	135	0,0 %	14	75	46	0
SUM		1 385 166	100,0 %	1 342 468	19 148	23 550	7 774

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Personmarknaden 31-12-2017		Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskriving
Akk. risikoklasse 1 - 3	låg	958 021	80,0 %	951 245	679	6 097	0
Akk. risikoklasse 4 - 7	middels	172 887	14,4 %	172 104	0	783	0
Akk. risikoklasse 8 - 12	høg	66 322	5,5 %	65 478	200	644	1 245
Uklassifisert	høg	13	0,0 %	13	0	0	0
SUM		1 197 243	100,0 %	1 188 840	879	7 524	1 245

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Bedriftsmarknaden 31-12-2017		Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskriving
Akk. risikoklasse 1 - 3	låg	38 350	20,4 %	35 526	460	2 365	0
Akk. risikoklasse 4 - 7	middels	105 685	56,2 %	79 971	13 580	12 134	0
Akk. risikoklasse 8 - 12	høg	43 765	23,3 %	38 130	4 154	1 481	6 529
Uklassifisert	høg	122	0,1 %	1	75	46	0
SUM		187 922	100,0 %	153 628	18 269	16 026	6 529

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Fordelinga mellom risikoklassane for samla utlån er lite endra frå 2017 til 2018.

Gruppevis nedskrivingar, som utgjer kr 2,6 mill., er vurdert i høve til banken si tapseksposering totalt i gruppene 8 - 12 (høg).

Forventa årleg tapsnivå - forventa tap i høve til renteinntekter

I banken er det eit mål å vektleggje risiko ved prising av engasjement, slik at lån og kredittar med lågaste rente har tilsvarande låg risiko.

Overvaking av kredittrisiko og oppfølging av tapsutsette engasjement er særskilt viktig. Kredittrisikoen vert overvaka kontinuerleg gjennom analysar, misleghaldsrapportering, restanse- og overtrekksrapportering.

Ein vurderer det slik at årlege tap ikkje vil overstige 0,2 % av brutto utlån dei næraste tre åra. Vurderinga byggjer på røynsler frå tidlegare år, kjennskap til banken sine lånekundar, oppfølginga av kredittrisikoen og enkeltengasjement.

Tapar vert forventa å kome i grupper med høg risiko. Ein forventar at tapar ligg innanfor den samla forventa renteinntekta for gruppa.

Bokført/verkeleg verdi på utlån til kundar

Utlån og garantiar vert verdsette i tråd med "Forskrift om regnskapsmessig behandling av utlån og garantiar". Det ligg ikkje føre grunnar som skulle tilseie at verkeleg verdi/ marknadsprisar avvik frå amortisert kost.

Lån og garantiar vert verdsette til pålydande når renter og avdrag vert betjente etter avtalen, og det elles ikkje er objektive forhold som tilseier at engasjementet bør nedskrivas.

Dersom det ligg føre objektive bevis for verdifall på enkelte utlån eller grupper av utlån, er låna nedskriva. Etter forskrifta skal slike lån nedskrivas med differansen mellom balanseført verdi og noverdien av framtidige kontantstraumar, utrekna etter forventa levetid på lånet.

Nedskrivingar vert klassifiserte som tapskostnad, og renteinntekter vert resultatførte etter effektiv rentemetode.

Modellen vår byggjer på at der det ligg føre objektive bevis for risiko for tap, vert det gjort ei totalvurdering av betalingsevna til kunden, av den realitet som er stilt for lånet samt av sannsynet for tap. Det estimerte tapet vert nedskriva som individuell nedskriving på engasjementet. Nedskrivinga vert klassifisert som tapskostnad.

Objektive bevis på at eit utlån har verdifall baserer seg på observerte data banken har kjennskap til om følgjande type hendingar:

Vesentlege finansielle problem hjå låntakar, betalingsmisleghald eller andre vesentlege kontraktsbrot, opplåning for inndekking av termin, finansiell restrukturering, gjeldsforhandling, konkurs.

Utlån, garantiar og unytta kreditt fordelt på bransjar

2018	Brutto utlån	Garantiar	Potensiell eksponering	Misleghaldne engasjement	Tapsutsette engasjement	Individuell nedskriving	Gruppe nedskriving
Personkundar	1 197 124	933	10 108	3 184	4 080	2 160	
Næringslivskundar	155 277	16 356	23 211	0	3 411	1 955	2 600
Sum utlån og garantiar	1 352 401	17 289	33 319	3 184	7 491	4 115	0
Sum utlån inkl. lån overført til boligkreditt	2 077 128						
Primærnæringer	10 354	195	1 724	0	0	0	
Bygg og anlegg	41 931	6 874	9 776	0	0	0	
Eigedomsdrift, finansiell tenesteyting	53 559	0	1 076	0	3 411	1 955	
Varehandel, hotell og restaurantdrift	22 969	8 564	3 333	0	0	0	
Transport, post og telekommunikasjon	2 567	77	1	0	0	0	
Tenesteytande verksemd	11 026	244	580	0	0	0	
Industri og bergverk	12 871	402	6 721	0	0	0	
Sum næringskundar	155 277	16 356	23 211	0	3 411	1 955	

Banken har overført 37,7% av personkundelåna til Eika Boligkreditt AS pr. 31.12.2018. På same tid året før var overføringsgraden 34,4%.

2017	Brutto utlån	Garantiar	Potensiell eksponering	Misleghaldne engasjement	Tapsutsette engasjement	Individuell nedskrivning	Gruppe nedskrivning
Personkunder	1 188 840	879	7 524	3 775	4 095	1 245	
Næringslivskunder	153 628	18 269	16 026	6 927	7 579	6 529	2 600
Sum utlån og garantiar	1 342 468	19 148	23 550	10 702	11 674	7 774	0
Sum utlån inkl. lån overført til boligkreditt	1 964 315						
Primærnæringer	13 082	126	1 328	0	0	0	
Bygg og anlegg	39 047	13 438	4 288	3 355	7 579	6 529	
Eigedomsdrift, finansiell tenesteyting	53 053	0	1 129	0	0	0	
Varehandel, hotell og restaurantdrift	23 022	3 624	3 446	3 569	0	0	
Transport, post og telekommunikasjon	2 487	229	60	3	0	0	
Tenesteytende verksemd	10 591	140	777	0	0	0	
Industri og bergverk	12 504	712	4 998	0	0	0	
Sum næringskunder	153 786	18 269	16 026	6 927	7 579	6 529	

Tap på utlån og garantiar

Årets tapskostnader	2018			2017		
	Tap på kreditt-institusjonar	Tap på utlån	Tap på garantiar	Tap på kreditt-institusjonar	Tap på utlån	Tap på garantiar
Periodens endring i individuelle nedskrivningar	-	(3 659)	-	-	5 242	-
+Periodens endring i gruppevisse nedskrivningar	-	-	-	-	-	-
+Periodens konstaterte tap der det tidl år er føreteke individuell nedskrivning	-	2 718	-	-	311	-
+Periodens konstaterte tap der det tidl år ikkje er føreteke individuell nedskrivning	-	1 441	-	-	577	-
-Periodens inngang på tidlegare periodars konst.tap	-	(426)	-	-	(33)	-
=Periodens tapskostnad	-	74	-	-	6 097	-

Banken har ikkje renteinntekter som ikkje er inntektsført.

	2018	2017
Renter på engasjement som er tapsutsette utgjør	396	676

	2018			2017		
	Utlån til og fordring på kredittinst	Utlån til og fordring på kundar	Garanti ansvar	Utlån til og fordring på kredittinst	Utlån til og fordring på kundar	Garanti ansvar
Endringer i individuelle nedskrivningar						
Individuell nedskrivning 1.1.	-	7 774	-	-	2 532	-
Periodens konstaterte tap der det tidlegare er føreteke individuell nedskrivning	-	-	-	-	-	-
Auka individuelle nedskrivningar i perioden	-	-	-	-	-	-
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	-	915	-	-	6 529	-
Tilbakeføring av individuelle nedskrivningar i perioden	-	1 045	-	-	976	-
Individuell nedskrivning 31.12.	-	4 115	-	-	7 774	-

Endring i gruppevisse nedskrivningar

Nedskrivning på grupper av utlån 1.1	2 600	-	2 600	-
+/- periodens nedskrivning på grupper av utlån		-		-
Nedskrivning på grupper av utlån 31.12	2 600	-	2 600	-

Gruppevisse nedskrivningar tek høgde for tap på engasjement i banken si portefølje, som på balansetidspunktet ikkje er identifisert som tapsutsette. Systemet for avsetjing byggjer på historiske tap samt utviklinga i engasjement med høg risiko.

Misleghaldne og tapsutsette utlån	2018	2017	2016	2015	2014
Misleghaldne utlån totalt	3 185	10 702	6 746	2 651	2 950
Individuell nedskrivning		-3 000	-647	-185	-949
Netto misleghaldne utlån	3 185	7 702	6 099	2 466	2 001
Andre tapsutsette lån totalt	7 491	11 674	18 587	15 848	5 694
Individuell nedskrivning	4 115	-4 774	-1 885	-1 640	-1 300
Netto andre tapsutsette lån	3 376	6 900	16 702	14 208	4 394

Misleghald refererer seg til kunder som ikkje har betalt termin på utlån innan 90 dager etter forfall, eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekk inn som avtala etter 90 dagar etter at overtrekket skjedde. Samla misleghald over 30 dagar utgjør kr 13.016

Aldersfordeling av misleghaldne og tapsutsette utlån

	Over 3 tom 6 mnd	Over 6 mnd tom 12 mnd	Over 1 år	Sum misleghaldne lån	Tapsutsette lån	Sikkerheiter for mislegh. lån	Sikkerheiter for tapsuts. lån
31.12.2018							
Privatmarknad	3 169	0	15	3 184	4 080	3 424	0
Bedriftsmarknad	0	0	0	0	3 411	0	0
Sum	3 169	0	15	3 184	7 491	3 424	0
31.12.2017							
Privatmarknad	0	328	3 447	3 775	4 095	4 064	1 300
Bedriftsmarknad	0	6 924	3	6 927	7 579	4 356	4 049
Sum	0	7 252	3 450	10 702	11 674	8 420	5 349

Note 7 - Overtekne egedelar

Overtekne egedelar
Banken har fylgjeande overtekne egedelar:

Type egedel	2018	2017
Overtekne egedomar for vidaresal	1 000	0

Note - 8 Obligasjonar, sertifikat og andre renteberande verdipapir

Verdsetjing
Banken si portefølje av obligasjonar er vurdert til lågaste av kjøpskostnad og verkeleg verdi/marknadsverdi på balansetidspunktet.
Heile porteføljen er klassifisert som omløpsmidlar.
Utrekninga av verkeleg verdi byggjer på børskurs og/eller observerte marknadsverdiar, og alle papira er i NOK.

Omløpsmidlar	Risikovekt	Bokført verdi	Pålydande verdi	Kostpris	Marknadsverdi	Børsnotert del av bokf
Utferda av det offentlege						
Kommunar	20 %	29 006	29 000	29 053	29 010	29 006
Sum		29 006	29 000	29 053	29 010	29 006
Utferda av andre						
Bankobligasjonar	20 %	24 087	24 000	24 149	24 087	24 087
Bankobligasjonar	50 %	7 051	7 000	7 076	7 051	2 033
Kredittføretak - OMF	(1) 10 %	71 300	71 000	71 442	71 300	71 300
Kredittføretak	20 %	-	-	-	-	0
Industri	100 %	-	-	-	-	0
Andre sektorar	100 %	-	-	-	-	0
Sum		102 438	102 000	102 667	102 438	97 420
Sum sertifikat, obligasjonar mv		131 444	131 000	131 720	131 448	126 426
Årets nto nedskr/reversert nedsk				276		
Bokført verdi				131 444		
Av dette deponert som sikkerheit for lån i Noregs Bank (haircutverdi)				76 456		
F-lån i Norges Bank						
Fri likviditet/sikkerheit for ytterlegare lånerett i Noregs Bank				111 011		

(1) Banken har, gjennom rammeavtale med Eika Boligkreditt, garantert å kjøpe nyutferda OMF-ar om EBK ikkje kan innhente likviditet på annan måte. Garantien kan variere frå månad til månad og utgjir 0 mill kr ved utgangen av året.
Gjennomsnittleg vekta eff. rente på obligasjonsporteføljen pr 31-12-2018 utgjir 1,4% (31-12-2017: 1,58 %).

Note 9 - Ansvarleg lånekapital i andre føretak

Bokført som utlån til og fordring på kredittinstitusjonar:	Pålydande	Bokført
Medlemsinnskot KfS	4 800	4 800
Bokført som sertifikat og obligasjonar:		
Ansvarleg lånekapital	-	-

Note 10 - Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning

Verdsetjing
Aksje-/rentefond vert klassifisert som omløpsmiddel, og vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Rentefond inkluderer påkomne renter.
Aksjar klassifisert som anleggsmidlar er vurdert til kostpris, men vert nedskrive når verkeleg verdi (marknadverdi) vert vurdert/observert å vere lågare enn kostpris.

Spesifikasjon etter grupper:	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Kostpris	Andel børsnotert
Omløpsmidlar				
Omløpsportefølje	45 036	45 036	45 000	0
Andre omløpsmidlar	0	0	0	0
Anleggsmidlar	45 698	45 871	45 698	0
Sum omløpsmidlar og anleggsmidlar	90 734	90 907	90 698	0

Omløpsportefølje	Tal på aksjar	Resultatført verdiendring	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Kostpris	Andel børsnotert
Spesifikasjon						
Eika Sparebank	14 729	-30	15 030	15 030	15 000	-
Eika Pengemarkedsfond	14 551	-3	15 003	15 003	15 000	-
Eika Likviditet	14 795	-3	15 003	15 003	15 000	-
Sum omløpsportefølje			45 036	45 036	45 000	-

Anleggsmidler Spesifikasjon	Org.nr.	Tal på aksjar	Resultatført verdiendring	Balanseført verdi	Verkeleg verdi*	Kost- pris	Andel børsnotert
Aksjar:							
SDC	DK0183232751	1 402	0	636	716	636	0
Eika Gruppen AS	979319568	99 161	0	3 963	3 963	3 963	0
Eika Boligkreditt AS	885621252	8 767 441	0	36 793	36 893	36 793	0
Sparebankmaterieill Spama	916148690	200	0	20	20	20	0
Kredittforeningen for Sparebanker	986018930	460	0	474	474	474	0
Kvinesdal Sparebank	937894805	5 714	0	571	571	571	0
Eiendoms kreditt	979391285	11 383	0	1 147	1 147	1 147	0
Aust-Agder Næringselskap	929263162	2 000	0	20	20	20	0
BankID Norge AS		40	0	0	0	0	0
Eika VBB AS	921859708	52 200	0	2 066	2 066	2 066	0
NorProAS	996154262	4 037	0	8	0	8	0
Sum anleggsmidler			0	45 698	45 870	45 698	0
Sum aksjar, andelar o a verdipapir med variabel avkastning				90 734	90 906	90 698	
*)Verkeleg verdi tilsvarar kostpris og/eller observert redusert verdi (verdijustert eigenkapital)							

Porteføljeendring gjennom året av verdipapir som er anleggsmiddel:

	01.01.2018	Nedskrivn	Reklass.	Tilgang	Avgang	31.12.2018
Anleggsaksjer	36 696	0	0	9 099	97	45 698

Note 11 - Varige driftsmidler og immaterielle eigedelar

Faste eigedomar og andre varige driftsmidler vert balanseførte til kostpris med årleg fråtrekt ordinære avskrivningar. Ordinære avskrivningar tilsvarar ei lineær avskrivning over forventa levetid for det enkelte driftsmiddel.

	Maskinar inv/ transpm.	Bankbygg, hytte, tomter
Kostpris 1/1	8 524	21 951
Årets tilgang	-	-
Årets avgang	-	-
Kostpris 31/12	8 524	21 951
Akkumulerte avskrivningar 1/1	6 979	8 858
Årets avskrivningar	216	283
Akkumulerte avskrivningar 31/12	7 195	9 141
Bokført verdi pr. 31.12.	1 329	12 811

Avskrivningssatsar 10 - 20% 0 - 2%

Fast eigedom	Type	Geografisk lokalisering	Areal m²	Av dette utleigd areal m²	Balanseført verdi 31.12
Hovudkontor	Bankbygg	Valle	1050	200	4 749
Filial Rysstad	Bankbygg	Valle	80		1 663
Leilegheit Rysstadtnet	Leilegheit	Valle	80	80	1 400
Bedriftsleilegheit	Leilegheit	Kristiansand	105		4 998
Sum					12 811

Note 12 - Andre eigedelar

I samband med engasjementsoppfølginga har banken overteke Uppstad Eigedom AS som eig ein næringseigedom på Rysstadmo. Overtakinga ligg midlertidig under posten andre eigedelar, men vil bli nedregulert og overført til posten overtekne eigedelar i 2019 når nødvendig restrukturering er gjennomført. Posten andre eigedelar inneheld også andre periodiseringspostar pr 31.12.

Note 13 - Forvaltning av finansielle instrument

Banken utfører ikkje forvaltning av finansielle instrument.

Note 14 - Sals- og gjenkjøpsavtalar

Banken har ikkje sals- eller gjenkjøpsavtalar.

Note 15 - Gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	Valuta	2018	2017
Lån / innskot frå kredittinstitusjonar utan avtala løpetid	NOK	-	-
Lån / innskot frå kredittinstitusjonar med avtala løpetid	NOK	160 532	160 466
Sum gjeld til kredittinstitusjonar		160 532	160 466
Gjennomsnittleg rentesats		2,15 %	2,20 %

Lån med avtala løpetid omfattar innlån fra KFS på kr MNOK 160. Forfall på innlåna fordeler seg på 2019; MNOK 75, 2020; MNOK 50, 2022; MNOK35. Det er ikkje stilt sikkerheit for gjelda.

Gjennomsnittleg rente er utrekna på grunnlag av faktisk rentekostnad gjennom året i prosent av gjennomsnittleg gjeld til kredittinstitusjonar.

Innskot frå og gjeld til kundar	Valuta	2018	2017
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtala løpetid	NOK	649 674	638 147
Innskot frå og gjeld til kundar med avtala løpetid	NOK	535 360	523 742
Sum gjeld til kundar		1 185 034	1 161 889
Gjennomsnittleg rentesats		0,90 %	0,85 %

Gjennomsnittleg rente er utrekna på grunnlag av faktisk rentekostnad gjennom året i prosent av gjennomsnittleg innskot frå kundar. Det er ikkje stilt sikkerheit for gjelda.

Lov om sikringsordningar for bankar pålegg banken å vere medlem av Bankenes sikringsfond. Fondet plikter å dekke tap som ein innskytar måtte få på innskot i banken med inntil 2 mill. kroner av det samla innskøtet. Årleg betalar banken ei avgift til Bankenes sikringsfond etter føresegner i Banksikringslova. I 2018 var denne TNOK 808 (2017 TNOK 774).

Gjeld stifta ved utføring av verdipapir

Obligasjonslån	Opptatt år	Forfall	Nominell rtr.	Gj.snitt rtr.	Nominell verdi	Underkurs	Gjeld pr 31/12
NO0010793409	2017	26.05.2021	Nlb. + 1,10 bp	2,14 %	50 000	61	49 939
NO0010831936	2018	12.09.2023	Nlb. + 0,95 bp	2,07 %	50 000	67	49 933
					100 000	128	99 872
Låna er i norske kroner, og det er ikkje stilt sikkerheit for gjelda. Gjennomsnittleg rente er utrekna på grunnlag av faktisk rentekostnad gjennom året i prosent av vektta saldo på obligasjonslånet.							
Anna gjeld						2018	2017
Spesifisert på dei viktigaste enkeltpostane:							
Bankremisser						1	78
Betalt skatt						2871	1111
Leverandørgjeld og offentleg gjeld og avgifter						2474	1770
Betalingsystem						1287	1470
Anna gjeld						1820	152
Sum anna gjeld						8 452	4 503

Note 16 - Ansvarleg lån

Banken har ikkje utført ansvarlege lån eller andre eigenkapitalinstrument.

Note 17 - Lån med resultatavhengig rente

Banken har ikkje lån med resultatavhengig rente.

Note 18 - Endringar i eigenkapitalen

	Sparebankens fond	Gåvefond	Sum eigenkapital	Sum disponering
Eigenkapital 1.1	196 493	5 880		202 373
Endring estimatavvik 31.12.	-1 072			-1 072
Disponering av årets resultat	9 698	1 500		11 198
Overføring fra gåvefond		-1 489		-1 489
Eigenkapital 31.12	205 119	5 891		211 010
				11 198

Resultat etter skatt pr 31.12.2018 utgjør 0,69 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Note 19 - Kapitaldekning

Krav til kapitaldekning er ein minimum ansvarleg kapital på 8% av eit nærare definert grunnlag. I tillegg til dette kjem særskilte bufferkrav. Banken har sjølv ein prosess for å vurdere samla kapitalbehov. Vurderinga byggjer på risikoprofilen til banken.

Ansvarleg kapital	2018	2017
Sparebankens fond	205 119	196 493
Gåvefond	5 891	5 880
Overfinansiert pensjonsskyldnad, fråtrekt utsett skatt	-620	-1 522
Utsett skattefordel og andre immaterielle eigedelar	-	-
Ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	-29 431	-21 402
Rein kjernekapital	180 959	179 449
Fondsobligasjon	-	-
Kjernekapital	180 959	179 449
Tidsavgrensa ansvarleg lånekapital	-	-
Tilleggskapital	-	-
Netto ansvarleg kapital	180 959	179 449

Tilleggskapital er nærare spesifisert i note 16.

Spesifikasjon av bankens utrekningsgrunnlag, kapitalkrav og kapitaldekningsprosent

Eksponeringskategori/ Utrekningsgrunnlag risikotype	Utrekningsgrunnlag Eigedelar		Utrekningsgrunnlag Utanom balansen		Utrekningsgrunnlag TOTALT	
	2018	2017	2018	2017	2018	2017
Statar og sentralbankar	0	0	0	0	0	0
Lokale/reg. myndigheiter	5 824	6 022	0	0	5 824	6 022
Institusjonar	14 841	21 226	0	0	14 841	21 226
Føretak	34 561	35 013	7 419	6 537	41 980	41 550
Pant i fast eigedom	555 846	524 144	8 047	18 195	563 893	542 339
Forfalne engasjement	3 513	8 516	0	2 982	3 513	11 498
Obl. med føretrinnrett	7 143	4 726	0	0	7 143	4 726
Andelar i verdipapirfond	13 512	6 325	0	0	13 512	6 325
Eigenkapitalposisjonar	21 119	20 094	0	0	21 119	20 094
Andre engasjement	64 294	97 062	1 453	5 599	65 747	102 661
Kreditrisiko	720 653	723 128	16 919	33 313	737 572	756 441
Motpartsrisiko					0	0
Operasjonell risiko					71 302	69 851
Sum alle risikoar					808 874	826 292
Kjernekapitaldekning					22,37 %	21,72 %
Kapitaldekning					22,37 %	21,72 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 1.1.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,41% i Eika Gruppen og 0,80% i Eika Boligkreditt AS. Kapitaldekninga er etter konsolidering 21,04%. Kjernekapitaldekninga er 20,94% og rein kjernekapitaldekning 20,20%.

Note 20 - Postar utanom balansen

Vilkårsette skyldnader - Garantiar	2018	2017
Betalingsgarantiar	3 926	3 189
Kontraktsgarantiar	8 594	11 197
Anna garantiansvar	3 020	3 012
Lånegarantiar - Eika BoligKreditt	7 247	41 100
Garantiar for skattar	1 750	1 750
Garanti ovanfor Bankenes sikringsfond sjå note 15	-	-
Sum vilkårsette skyldnader	24 537	60 248

Banken stiller garanti for lån som kundane våre har i Eika Boligkreditt (EBK). EBK har som kriterie at lånet er innanfor 60 % av panteobjektet (bustad/hytte). Vidare må det vere takst på eigedomen og taksten må ikkje vere eldre enn 6 månader når lånet vert teke opp.

Banken sine kundar har pr 31.12.18 lån for 724,7 MNOK hos EBK (31.12.17 621,8 MNOK).

Garantibeløpet ovanfor EBK vart endra i 2015 og er no todelt:

Tapsgarantien er avgrensa til 1% av den til einkvar tid samla låneportefølje i Eika Boligkreditt, men likevel slik at for låneporteføljær som ikkje overstig NOK 500 mill utgjær tapsgarantien minimum NOK 5 mill.

Saksgarantien gjeld for heile lånebeløpet frå banken ber om utbetaling til pantesikkerheiter har oppnådd rettsvern.

EBK har også rett til å motrekne eventuelle tap i banken sin provisjon for kundehandsaming i ein periode på inntil 3 år.

Spesifikasjon av garantiar til EBK	2018	2017
Tapsgaranti	7 247	5 536
Saksgaranti	-	35 564
Del av felles garantiramme	-	-
Sum	7 247	41 100
Andre skyldnader ovanfor EBK (1)	-	-

Alle lån i EBK ligg innanfor 60 % av forsvarleg verdigrunnlag, altså i godt sikra bustadlån. Restrisiko knytt til lån formidla til EBK er etter banken si vurdering avgrensa. Banken sine utlån gjennom EBK gjeld i hovudsak nye lån eller refinansiering, og desse har difor ikkje i vesentleg grad vore bokført på banken sin balanse.

Sidan lån formidla til EBK utelukkande er godt sikra lån, ventar banken låg misleghaldsannsyn, og at volumet på lån som vert tekne tilbake til eigen balanse ikkje vil vere vesentleg for banken sin likviditet. Dersom ein legg til grunn 1 % misleghald i porteføljen, vil dette utgjere omlag 5 mill. kroner. Likviditetsrisikoen knytta til lån formidla til EBK er etter banken si vurdering ikkje vesentleg.

(1) Banken har, saman med andre eigarbankar, teke på seg ei likviditetsforplikting ovanfor EBK. Den går ut på å kjøpe obligasjonar med føretretnsrett (OMF-ar) utferda av EBK for ein forholdsmessig del. Likviditetsforpliktinga vert estimert og rapportert månadleig frå EBK, og pr 31.12.2018 utgjorde denne forpliktinga 0 kr for Valle Sparebank.

Skyldnader	2018	2017
Løyvde, ikkje utbetalte lån og unytta kredittar	33 319	31 879
Sum skyldnader utanom balansen	33 319	31 879

Eigedelar deponert som sikkerheit for F-lån i Norges Bank	Haircutverdi NB 2018	2018	2017
Obligasjonar - sjå note 8	76 456	79 317	57 212
Pengemarkedsfond - sjå note 10	-	-	-
Sum skyldnader utanom balansen	76 456	79 317	57 212

Note 21 -Vilkårsette utfall

Arten og omfanget av vilkårsette skyldnader gjeld garantiar og pensjonsskyldnader. Det vert synt til note nr. 20 og 27.

Note 22 - Fordeling av inntekt på geografisk område

Inntektene fordeler seg geografisk i hovudsak i same forhold som den underliggjande hovudstol:

	%	SUM	Brutto utlån	Garantiar	Potensiell eksponering
Aust-Agder fylke	40,03 %	561 620	517 460	15 113	29 047
Av dette i Valle kommune	25,64 %	359 690	323 397	9 866	26 427
Landet elles	59,97 %	841 389	834 941	2 176	4 272
Utlendet	0,00 %	-	-	-	-
SUM	100,00 %	1 403 009	1 352 401	17 289	33 319

Note 23 - Forvaltning- og administrasjonstenester

Banken forvaltar etablerings- og næringslån for Valle kommune og Bykle kommune for i alt kr 16,1 mill.

Banken sine oppgåver er regulerte i egne avtalar og inneber ingen kredittrisiko for banken.

Note 24 - Spesifikasjon av provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester

	2018	2017
Garantiprovisjon	360	316
Kredittformidling (provisjon EBK)	3 184	2 385
Betalingsformidling	3 975	3 904
Verdipapirromsetjing/forvaltning	311	348
Forsikringstenester, provisjon	1 395	1 307
Anna verksemd	72	56
Sum provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	9 297	8 316

Note 25 - Andre driftsinntekter

	2018	2017
Driftsinntekter fast eigedom	240	208
Gevinst ved sal av driftsmidler	-	-
Sum andre driftsinntekter	240	208

Note 26 - Løn og generelle administrasjonskostnader

	2018	2017
Periodens kostnad knyttet til rentesubsidiering av lån til tilsette utgjør	123	126

Lån til tilsette er gjeve etter særskilde retningslinjer vedtekne av styret. Låna er gjevne med subsidiert rente. Utrekna rentesubsidiering er differansen mellom lånerente og normrenta fastsett av styresmaktene, og inneber ei fordelskattlegging for den enkelte tilsette.

Beløpet er ikkje ført som kostnad i rekneskapen, men rentesubsidieringa reduserer bankens renteinntekter tilsvarande

Note 27 - Pensjonskostnader og pensjonsskyldnader - talet på tilsette

Talet på tilsette ved utgangen av året er 15 som samla har utført 13,53 årsverk.

OTP - Obligatorisk tenestepensjon er pliktig. Banken si ordning tilfredsstiller krava.

Innskotspensjon

Frå og med år 2009 vert nyttilsette knytt til ei innskotsbasert pensjonsordning. Fire personar er omfatta av denne ordninga pr i dag.

Fondsbaserte skyldnader:

Banken har pensjonsforsikring i DNB som forvaltar pensjonsmidlane innanfor dei generelle retningslinjer som gjeld for forsikringsselskap. Hovudvilkår er 30 års opptening. Den ytelsesbaserte ordninga; omleg 66% av løn ved pensjonering og 15 års utbetaling. Pensjonsforsikringa er på lik line med andre pensjonsordningar i privat sektor ei såkalla nettoordning, dvs. ytingane kjem i tillegg til ytingar frå folketrygda. Pr. 31.12.18 er 10 aktive og 6 pensjonistar knytt til denne pensjonsordninga.

Ikkje fondsbaserte skyldnader:

Ny AFP-ordning er etablert frå 1-1-2011. Den nye AFP-ordninga er, i motsetnad til den gamle, ikkje ei førtidspensjonsordning, men ei ordning som gjev eit livslangt tillegg på den ordinære pensjonen. Dei tilsette kan velje å ta ut den nye AFP-ordninga frå og med fylte 62 år, også ved sida av å stå i jobb, og den gjev ytterlegare opptening ved arbeid fram til 67 år. Den nye AFP-ordninga er ei ytelsesbasert fleirforetakspensjonsordning, og finansierast gjennom premiar som vert fastsett som ein prosentsats av løn. Førebels ligg det ikkje føre noko påliteleg måling og allokering av skyldnader og midlar i ordninga. Rekneskapsmessig vert ordninga behandla som ei innskotsbasert pensjonsordning der premiebetalingar kostnadsførast løpande, og inga avsetjing vert gjort i rekneskapen. Det er ikkje fondsoppbygging i ordninga og det vert venta at premienivået vil auke dei kommande åra.

Ved verdsetting av pensjonsmidlane og ved måling av påkomne skyldnader, vert estimerte verdiar nytta. Pr 1.1.2015 gjekk banken over frå å føre pensjonskostnaden i samsvar med Oppdatert NRS 6 Pensjonskostnaden til IAS 19R. Estimatavviket på skyldnaden vert no ført mot eigenkapitalen.

Desse føresetnadene er lagt til grunn for estimata:

	2018	2017
Avkastning på pensjonsmidlar	2,60 %	2,30 %
Diskonteringsrente	2,60 %	2,30 %
Arleg lønsvekst	2,75 %	2,50 %
Arleg G-regulering	2,50 %	2,25 %
Arleg regulering av pensjonar under betaling	0,80 %	0,40 %
Gjennomsnittleg arbeidsgjevaravg.faktor	10,60 %	10,60 %

Pensjonskostnader:	SUM 2018	Sikra ytingar 2018	Usikra ytingar 2018	SUM 2017
Årets pensjonsopptening	329	329	0	350
+ Rentekostnad på pensjonsskyldnader	6	6	0	6
= Pensjonskostnad (brutto)	335	335	0	356
- Forventa avkastning på pensjonsmidlar	-53	-53	0	-24
+ Administrasjonskostnader	65	65	0	40
= Pensjonskostnad (netto)	347	347	0	372
+ Resultatført estimatavvik	0	0	0	0
= Pensjonskostnad	347	347	0	372
I tillegg kjem innskotsbaserte ytingar				
Premie innskotspensjon	140			108
Premie serviceavtale	30			30
Premie ny AFP-ordning	112			143
SUM pensjonskostnad	629			653

Pensjonsskyldnader	Overfinansiering av pensjonsskyldnaden		Pensjonsskyldnad	
	2018 Estimert	2017 Estimert	2018 Estimert	2017 Estimert
Rekneskapsført overfinansiering	-2 029	-779	-	-
Pensjonsskyldnader (brutto/PBO)	-	-	-	-
Pensjonskostnad	347	372	-	-
Innbetalinger/utbetalinger	-574	-794	-	-
Estimatavvik over OCI	1 430	-828	-	-
= Pensjonsskyldnader (netto)	-826	-2 029	-	-
+ Ikkje resultatført estimatavvik	-	-	-	-
= Balanseførte pensjonsmidler/-skyldnader inkludert avgift	-826	-2 029	-	-
Inkluderer arbeidsgjevaravgift med	112	274	-	-

Note 28 a - Ytingar til leiande personar

Banken nyttar ikkje aksjeverdbasert godtgjering.

Leiande tilsette og tillitsvalde		2018	2017
Løn og annan godtgjering til adm. banksjef Vidar H. Homme , inkl. bonus		1 103	1 068
Godtgjering til styremedlemer			
Jostein Rysstad	Styreleiar	65	60
Olav Mosdøl	Nestleiar	45	40
Anne Gjerden	Styremedlem	45	40
Geir Olav Uppstad	Styremedlem	45	40
Gro Haatveit	Styremedlem	45	40
Erling Sagneskar	Varamedlem	2	1
SUM for styret		247	221
Godtgjering til medlemer i generalforsamling			
Liv Bratlie Løyland	Leiar	8	8
Godtgjering til medlemer i generalforsamling og valnemnd		27	25

Note 28 b - Lån til leiande personar mv.

		2018		2017	
		Lån	Garanti	Lån	Garanti
<i>Tilsette:</i>					
Banksjef		2 000	-	2 000	-
Andre tilsette		15 723	-	18 896	-
Sum tilsette		17 723	-	20 896	-
Styret					
Jostein Rysstad	Styreleiar	4 685	-	4 844	-
Olav Mosdøl	Nestleiar	760	-	793	-
Geir Olav Uppstad	Styremedlem	-	-	-	-
Anne Gjerden	Styremedlem	-	-	-	-
Sum styret eks banksjef		5 445	-	5 637	-
x) Lån til tilsette repr inngår ovanfor i lån til andre tilsette					
Generalforsamling (16 medlemer):					
Generalforsamlingsleiar Liv Bratlie Løyland		1 280	-	-	-
Andre medlemer av generalforsamlinget (15 medlemer)		15 179	-	16 125	-
Sum generalforsamlinget x)		16 459	-	16 375	-

x) Lån til 2 tilsette repr inngår ovanfor i lån til andre tilsette

Vilkår for lån og garantiar er gjevne på standard vilkår og/eller dei generelle vilkåra som gjeld for alle tilsette.

Note 29 - Spesifikasjon av andre driftskostnader

	2018	2017
Driftskostnad fast eigedom	583	651
Leige av lokal	575	575
Maskinar, inventar og transportmidlar	393	234
Revisjonshonorar inkl mva	293	274
Forsikringar og kontingentar	2 454	2 929
Eksterne tenester utanom ordinær forretningsdrift	574	1 684
Andre ordinære tap	88	76
Andre driftskostnader	369	507
Sum andre driftskostnader	5 329	6 930
Spesifikasjon av revisjonshonorar inkl mva:		
Lovpålagt revisjon	210	200
Likningspapir	15	12
Andre tenester utanfor revisjon	68	62
Sum revisjon og bistand inkl mva	293	274

Note 30 - Skattekostnad

Betalbar skatt og endring i utsett skatt/utsett skattefordel utgjer skattekostnaden til banken.

Betalbar skatt:

Betalbar skatt utgjer 25 % av skattepliktig resultat og 0,15 % formueskatt. Det skattepliktige resultatet vil avvike frå det rekneskapsmessige resultatet gjennom permanente og midlertidige skilnader. Permanente skilnader er kostnader utan frådragsrett og/eller ikkje skattepliktige inntekter. Midlertidige skilnader er skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige periodiseringar, som over tid vil utliknast.

Utsett skatt/utsett skattfordel:

Utsett skatt og utsett skattefordel vert utrekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Den delen av den utsette skattefordelen som overstig utsett skatteskyldnad skal balanseførast når det er sannsynleg at banken vil kunne nyttiggjere seg fordelene gjennom framtidige frådrag i skattepliktig inntekt. Skattesatsen er basert på 25 %.

Kostnaden i resultatrekneskapen vert korrigert for evt avvik i den utrekna skatten for fjoråret og den endeleg utlikna skatten.

Betalbar skatt er utrekna slik:	2018	2017
Rekneskapsmessig resultat før skattekostnad	14 421	9 059
Permanente skilnader, inkl fritaksmetoden	-4 690	-4 872
Avgitt konsernbidrag	-1 000	0
Endring i midlertidig skilnader	1 293	-1 144
Skattepliktig inntekt	10 024	3 043
Inntektsskatt	2 506	761
Formueskatt	365	350
Betalbar skatt	2 871	1 111
For mykje (-)/for lite avsett fjoråret	-1	5
Endring i utsatt skatt	-254	286
Effekt endring i utsett skatt v/føring dir.mot ek i året	358	-207
Skatteeffekt avgitt konsernbidrag	250	0
Skattekostnad i år	3 224	1 195

Utsett skatt og utsett skattefordel er utrekna slik:	31.12.2018	31.12.2017	Endring
Positive (skatteaukande) midlertidige skilnader			
Driftsmidler	890	998	108
Vinst og tapskonto	-	-	-
Overfinansiert pensj.skyldnad	826	2 029	1 203
Sum positive skilnader	1 716	3 027	1 311
Negative (skattereduserande) skilnader som kan utliknast			
Avsett skyldnad 31-12	-19	-96	-77
Nedskrivning verdipapir	-277	-218	59
	-296	-314	-18
Grunnlag (- utsett skattefordel)/utsett skatt	1 420	2 713	1 293
Utsett skatt/(- utsett skattefordel) 25 %	424	678	254
Negative skilnader som ikkje kan utliknast:			
Pensjonsskyldnad	-	-	-
Sum negative skilnader	-	-	-

Kontantstraumoppstilling pr 31.12.2018

	2018	2017
Tilført frå årets drift (a)	11 834	8 248
Endring anna gjeld og pål. kostnader og forskotsbet. inntekter auke/(nedgong)	3 954	-1 830
Utbetaling frå gåvefond	-1 489	-1 023
Endring andre egedelar og forskotsbet. og opptente inntekter (auke)/nedgong	-2 419	-700
Likviditetsendring i resultatrekneskapen	11 880	4 695
Endring utlån (auke)/nedgong	-9 933	-68 230
Endring nedskrivingar på tap	-3 659	5 242
Endring overtatte egedelar	-1 000	4 177
Endring innskot frå og gjeld til kundar auke/(nedgong) auke/(nedgong)	23 145	45 308
A. Netto likviditetsendring frå verksemda	20 433	-8 808
- Investering i immaterielle egedelar	-	-
- Netto investering i varige driftsmidlar	-	-420
Endring verdipapir (auke)/nedgong	-64 559	-2 232
B. Likviditetsendring vedr. investeringar	-64 559	-2 652
Endring i gjeld vedr.verdipapir auke/(nedgong)	-	-
Endring lån frå kredittinstitusjonar auke/(nedgong)	25 023	49 893
C. Likviditetsendring frå finansiering	25 023	49 893
A+B+C Sum endring likvider	-19 103	38 433
+ Likviditetsbeholdning 1/1	95 576	57 143
=Likviditetsbeholdning 31/12	76 473	95 576
Unytta trekkrettar	60 000	60 000

Likviditetsbeholdninga består av kasse, innskot i Norges Bank og utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

(a) Tilført frå årets drift kjem fram slik:

Resultat før skatt	14 422	9 060
Betalbar skatt	-2 870	-1 116
Endring nto. pensjonsskyldnader	-227	-423
Avskrivingar og nedskrivingar	509	727
Sum	11 834	8 248

Melding frå uavhengig revisor**Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen**www.rsmnorge.no*Konklusjon*

Vi har revidert Valle Sparebank sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 11 198 000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av banken si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av banken slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Styret og administrerande banksjef (leiinga) er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til banken si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av banken sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om banken si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at banken ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av banken sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Arendal, 11. februar 2019
RSM Norge AS



Hans Olav Noraberg
Statsautorisert revisor



Valle Sparebank

Telefon 37 93 60 60
[www.valle-sparebank](http://www.valle-sparebank.no) / post@valle-sparebank.no

Valle | Kristiansand | Vennesla